

# MØTEBOK

## FELLESRÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
28.10.2020

---

### **Tilstades på møtet**

**Medlemmer:** Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim, Edvard Bjerkestrand, Bjørn Helge Olsen, Inger Synnevåg, Gerd Marie Solheim, Svein-Thomas Villanger, Rune Minde

### **Varamedlemer:**

#### **Andre:**

Kommunal representant : Hege Ramsland  
Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Kine Lerøy, Toril Hordvik

**Møtte ikkje:** Arne Lerøy

### **Saker til førehaving:**

F -21/20 – F 25 /20

**Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.**

### **Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 21/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.*

**Vedtak:**

***Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.***

F – 22/20 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

**Vedtak:**

***Inger Synnevåg og Bjørn Helge Olsen***

F – 23/20 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 30.09.2020

**Vedtak:**

***Møteboka frå 28.09 vart godkjent utan merknader.***

F – 24/20 ORIENTERINGAR

- Budsjettprosessen.

*Det vart orientert om den siste utviklinga i forhold til budsjettet for 2021. Orienteringa vart tatt til vitande.*

F – 25/20 FRAMTIDA FOR KYRKJELYDSHUSET: DRØFTINGSSAK

Framlegg til vedtak:

*Saka vert framlagt som drøftings sak utan framlegg til vedtak.*

**Sagt i møtet:**

*Det vart gitt uttrykk for at vi hadde hatt ei god og grundig drøfting i soknerådet etter vi var ferdige.*

*Fleire var usikre på korvidt viljen er stor nok til å overta huset og driva det vidare på eiga rekning – om det skulle bli utfallet. Det vart beslutta at ei gruppe frå soknerådet (AU +Gerd, Edvard og Hege) set seg ned og undersøker korvidt det er interessentar som kan samarbeida om å drifta huset. Som ein føresetnad for dette må det liggja eit politisk vedtak i botn, som seier at huset kan overlatast til ei samanslutning som vil drifta huset vidare til bygda og kommunens beste. Det er ikkje sikkert det er politisk fleirtal for ei slik løysing. Administrasjonen er tydelege på at dei vil selja for å realisera kapital.*

*Det er eit stort tap for mange om dette huset forsvinn. Det vil vera uheldig om kommunen hastar vidare med å fremja eit sal så snart som mogeleg. Særskilt vil dette påvirka konfirmantundervisninga. Det kyrkjelege arbeidet vert skadelidande – og det er mange andre lag og organisasjonar som mister ein stad dei kan nytta til ulike aktivitetar.*

***Det første ein gjer er difor at soknerådet vil senda eit brev til politikarane, administrasjonen (og lokalavisene) der ein***

- ber om at sal av huset vert sett på vent*
- der ein seier noko om kva dette huset betyr for kyrkja og for innbyggjarane*
- der ein får undersøkt om det er fleire lokale interessentar som kan tenkja seg å drifta huset vidare.*

*Brevet vert laga av soknerådet sjølv – og her vert kyrkjevevja ikkje involvert. Dette fordi han har fronta og kjem til å fronta spørsmål om kyrkja sitt budsjett – og fordi det ein har diskutert i denne saka her først og fremst er eit politisk spørsmål.*

*Det vart også drøfta forholdet til dette med gjevarteneste for eit nytt forsamlingshus i nærleiken av kyrkja. Dette treng ikkje å vera ei motsetning. Vi bør likevel venta med å gå ut og invitera til gjevarteneste for eit nytt foramlingsbygg, inntil det er endeleg avklart kva som skjer med kyrkjelydshuset.*

#### Bakgrunn:

Soknerådet arrangerte eit informasjonsmøte i kyrkjelydssalen vedkommande framtida til kyrkjelydshuset, onsdag den 14.oktober. Vi hadde i utgangspunktet kalla dette eit soknemøte, men endra det til eit informasjonsmøte, sidan vi ikkje oppfylte dei formelle tidsfristane for eit soknemøte. Dessutan var det mest rett å kalla det eit informasjonsmøte, sidan vi ikkje la opp til at møtet skulle fremja eit vedtak eller innstilling.

Kyrkjevevja innleia med ein gjennomgang av dei økonomiske krava vi har fått ifrå kommunen og om vedtaket i KS sak nr 90/2020, der tenesteytingsavtalen mellom kommunen og soknet vert sagt opp og kyrkjekontoret vert tildelt kontor plass i kommunehuset, med verknad frå 1.januar 2021.

Administrasjonen i kommunen er tydelege på at dei ønskjer å selja kyrkjelydshuset og frigjera kapital og driftsansvar for dette bygget.

Kyrkjekontoret har ikkje universelt tilgjenge til kontordelen og oppfyller med dette ikkje krava til tilgjenge. Det vil vera ein betydeleg kostnad å skulla setja dette bygget istand, slik at ein oppfyller dette kravet. Dette styrkar behovet for at kyrkjekontoret flyttar på seg.

I drøftinga etter innleiinga, kom det fram ein del motforestillingar. Den viktigaste innvendinga gjekk på at ein ikkje treng å setja eit likskapsteikn mellom at kyrkjekontoret flyttar til kommunehuset og at resten av huset av den grunn vert selt. Det er mogeleg å sjå for seg at nokon overtar huset og driftar det vidare, til dømes som eit bygdehus, som kan leigast ut – både til kontor og til andre formål.

Ordføreren var også tilstades og gav uttrykk for at han gjerne såg for seg ei slik løysing, som kunne koma Austrheimbygda og kommunen elles til gode. Han argumenterte med at kommunen ikkje var god på vedlikehald av eigedomsmassen sin og at han ville kunne støtta eit framlegg til løysing, der kommunen kunne overlata eigdommen til andre, «gjerne for 1 krone». Det som var viktig for ordføreren er å få inn ein ny eigar som kan drifta bygget til beste for bygda og at det skal ta seg visuelt bra ut også i framtida. Det er sannsynlegvis eit ope spørsmål korvidt ordføreren har fleirtal for eit slikt syn eller ikkje. Kommuneadministrasjonen si haldning er at ein ønskjer å selja bygget på den opne marknaden for å frigjera mest mogeleg kapital.

Eit anna argument er at kyrkjelydshuset i noverande form, fungerer som eit bygdehus for Austrheimbygda. Eit sal vil vera eit tap for denne delen av kommunen.

Det var fleire som nemnte på at det er lagt ned mykje dugnadsarbeid og økonomiske tilskot frå fleire ulike lag og organisasjonar i bygda. Det er såleis mange som har eit tydeleg eigarforhold til bygget og kva det har betydd for kyrkjelyden og bygda i over 30 år. Eit sal av dette bygget vil uansett vekka kjensler.

# MØTEBOK

## SOKNERÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
28.10.2020

---

### **Tilstades på møtet**

**Medlemer:** Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim, Edvard Bjerkestrand, Bjørn Helge Olsen, Inger Synnevåg, Gerd Marie Solheim, Svein-Thomas Villanger, Rune Minde

### **Varamedlemer:**

### **Andre:**

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Kine Lerøy, Toril Hordvik.

**Desse møtte ikkje:** Arne Lerøy

Saker til førehaving:

Soknerådssaker: S- 22/20 – S 25 /20

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

### **Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 22/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.*

**Vedtak:**

***Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.***

S – 23/20 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 28.10.2020

Framlegg til vedtak:

*Møteboka frå 28.10.2020 vart godkjent utan merknader.*

**Vedtak:**

***Møteboka frå 28.10.2020 vart godkjent utan merknader.***

(S – 24/20) ORIENTERING

- Gudstenesteplanen 2021 – Førebels gjennomgang

S – 24/20 GUDSTENESTEPLAN 2021

**Vedtak:**

***Gudstenesteplan for 2021 vart vedteken slik den ligg føre***

Bakgrunn:

Saka var i utgangspunktet lagt opp som ei orienteringssak. Soknepresten la fram den utarbeidde gudstenesteplanen. Soknerådet meinte at orienteringa var god nok til at ein allereie no kunne gå til vedtak på denne.

S -21/20 JUSTERING AV GJELDANDE TRUSOPPLÆRINGSPLAN

Framlegg til vedtak:

*Austrheim Sokneråd godkjenner justeringane i trusopplæringsplanen slik dei framstår i denne saka*

**Vedtak:**

***Austrheim Sokneråd godkjenner justeringane i trusopplæringsplanen slik dei framstår i denne saka***

Bakgrunn:

Plan for trusopplæring i Kyrkja den Norske, vart vedtatt av Kyrkjemøtet i 2009. Omfanget på opplæringa er opp til 315 timar, som strekkjer seg frå 0 – 18 år. Austrheim Sokn har ikkje vore i nærleiken av å oppfylle dette talet, til liks med dei aller fleste sokna elles i landet. I dei tidlegare fasane av denne reforma, var krava til godkjenning langt strengare enn dei er no. Frå sentralt

hald har ein også lempa på oppfatninga av at kontinuerlege tiltak (til dømes ein barneklubb) ikkje er eit trusopplæringstiltak i planens forstand. Kyrkja sine trusopplæringstiltak er meir avgrensa i tid og skal nå ut til breidda av barn og unge i aldersgruppa. Kyrkja sine trusopplæringstiltak skal ikkje fortrenge eksisterande gode tiltak (som gjerne er kontinuerlege) og som vert drifta av dei friviljuge organisasjonane.

**Mål** for trusopplæringsplanen er uttrykt slik: *«Born og unge skal verta verande hjå Kristus når dei veks opp slik som dei i dåpen vart sameint med Han. Opplæringa skal vekke og styrkje kristen tru, gje kjennskap til den treeinige Gud, medverke til kristen livstolkning og livsmestring og utfordre til engasjement og deltaking i kyrkje og samfunnsliv.»*

Planen presenterer kommunen både geografisk og demografisk – samt organiseringa av kyrkja. Eksisterande plan har vore prega av metodikken «**Gudsrikeleiken**», som er ein pedagogisk særeigen forteljarmåte av bibelforteljingar. At tiltaksdelen av trusopplæringsplanen i så stor grad er prega av denne metodikken, skuldast at Wilco Vogelaar som var tilsett som trusopplærar i Austrheim (+ Radøy og Fedje), er sertifisert til å gjennomføra slike forteljingar. Vi har ingen som no er sertifisert til å gjennomføra bibelforteljingar på denne måten for tida. Det betyr ikkje at vi ønskjer å gå vekk frå denne metodikken, men at vi for tida ikkje kan gjennomføra trusopplæringa etter denne metoden.

Innbakt i planen ligg det nokre føringar frå sentralt hald – også kalla **sentrale dimensjonar**. Desse dimensjonane er som følgjer:

- Samvirke med heim og familie.
- Medverknad av barn og unge
- Inkludering og tilrettelegging
- Diakoni
- Misjon
- Musikk og kultur.
- Friviljug medarbeidarskap
- Samarbeid med barne og ungdomsorganisasjonar.
- Tverrfagleg samarbeid
- Kommunikasjonsarbeid.
- Gudsstenestedeltaking

Til desse dimensjonane er det knytt kommentarar som er lokalt tilpassa.

Her kjem tiltaksplanen slik den ser ut no:

Alder	Tiltak	Tal	timar	Ansvarleg	Innhald/merknad
0	Dåpssamtalen	2	3	Prest	Dåpssamtale og gudsteneste
1-2	Årsdag for dåp	2	4	Kyrkjelydsfadder	Cd + plakater
3	Pysjamasfest	1	1	Pedagog/trusopplærar	Samling i kyrkja, forteljing, kveldsmat. Gudsrikeleiken – Noas Ark.
3 -4	Søndagsskulens dag	1	2	Trusopplærar/prest	Gudsteneste og samling for borna
3-5	Teaterforestilling	1	2	Trusopplærar	«Kirkerottene» har til no ikkje blitt brukt grunna for høg kostnad. Alternativ vert vurdert.
4	Fireårsbok	1	1	Pedagog/trusopplærar og prest	Gudsteneste. Forteljing: gudsrikeleiken: Den gode hyrdingen.
3-5	Teaterforestilling	1	2	Pedagog/trusopplærar	«Kirkerottene» har til no ikkje vore brukt i Austrheim. For høg kostnad i forhold til nytteverdien. Eit anna alternativ er til vurdering.
5	Ørkenvandring	5	7,5	Trusopplærar	Gudsrikeleiken med ørkenforteljingar; Abraham og den store familien, utgangen av Egypt, Dei ti beste levereglane, Inn i landet, Bortført og heimvendt. Laga samlingar i forkant av konfirmanntimane og bruka tidlegare konfirmentar som forteljarar og hjelpeleiarar.
6	Kyrkjebesøk første klasse	1	2	Pedagog	Besøk og vandring i kyrkja utanom skuletid.
7	Tårnagenthelg	2	5	Pedagog/trusopplærar og prest	Agentoppdrag, gudstenesteverkstad, Gudsrikeleiken, Gudsteneeste. Påsketema vert inkludert her.
8	Pinseforteljingar	6	9	Trusopplærar	Rett etter påske og etter konfirmantsamlingane. «Bli kjent med Jesus på ein ny måte.» Gudsrikeleiken.
10	Juleverkstad	1	2	Trusopplærar	Juleforteljinga. «Julas mysterium.» (Gudsrikeleiken). Laga ei julekrybbe eller noko liknande.
10-12	Leir på Rongevær	2	15	Trusopplærar	Samarbeid med NMS. Like før skulestart, midten på august.
11	Utdeling av bibel	1	2	Trusopplærar og prest	Gudsteneste. Sjekk om det er bibel eller nt.
11	«La det gro»	1	2	Trusopplærar	Gudsrikeleiken – likninga om sennepsfrøet. Kort tid etter utdeling av bibel.
11	«Lys vaken»	1	14	Pedagog, trusopplærar og prest	Overnatting og gudsteneste. Planlagt i februar. Heilag tre kongars fest som tema (Gudsrikeleiken). Gudsteneesteverkstad og kreativt verkstad.
13	Ungdom og media	1	3	Pedagog	Familie og medier. Tema om ungdom og mediebruk, med vektlegging av korleis ein kan finna fram på kyrkjelyden sine nettsider, samt bibel.no, «preik.no»
15	Konfirmasjonstida	22	60	Pedagog/kateketvkiar og ktrusopplærar	2 t 10 min for kvar samling. Skatten og perlene. Repetisjon av gudsrikeleikforteljingane. Kreativ verkstad. Song.
15-18	MEIR	9	27		Leiartraining og opplæring av andre medhjelparar. (praktiske oppgåver, gudsrikeleiken, kreative grupper, musikk) Brukar delar av MILK kurset. Leiaropplæring i forhold til å bli medarbeidarar og forteljarar i Gudsrikeleiken. Gje dei opplæring som hjelpeleiarar i forhold til konfirmentane.



Det er eit behov for å justera trusopplæringsplanen slik at den er meir tilpassa dei ressursane vi har.

Og vi treng å få aktivisert på nytt fleire av dei friviljuge på bagrunn av justert trusopplæringsplan. Denne planen vil vera meir tilpassa dei ressursane vi rår over no. Vi treng likevel bevisstgjera oss på meir systematisk bruk av friviljuge. Justert trusopplæringsplan kan vera eit greitt grunnlag der ein koplar på trusopplæringsnemda igjen.

Det er naturleg at kyrkjelydspedagogen tek styringa på desse prosessane. Justert timetal i den nye planen er om lag 195 timar. Vi har ein god del å gå på før vi er der vi skal vera.

alder	tiltak	tal	timar	Ansvarleg	Innhald/merknad
0	Dåpssamtalen	2	3	Prest	Dåpssamtale og gudsteneste
0 – 1	Babylunsj	8	16	Pedagog, friviljuge	Måltid, sosialt samvær, sang
1 – 2	Årsdag for dåp	2	2	Kontaktfadder, pedagog	Hefte/plakat. Utsending til den som er kontaktfadder.
3	Pysjamasfest	1	2	Pedagog/trusopplærer og friviljuge	Samling i kyrkja,, forteljing og kveldsmat.
3 – 10	Søndagsskule under gudstenesta	10	10	Friviljuge, (inkl konfirmant som kroko), prest	Søndagsskuletilbod under eit gitt tal gudstenester. Ideelt sett kvar gong, men det er mest aktuelt på formiddagsgudstenester. Bruka kroko.
3 -4	Søndagsskulens dag + utdeling av 3 og 4 års bok	1	2	Kyrkjelydspedagog, prest, friviljuge	Gudsteneste og samling for borna. (laurdagssamling + gudsteneste)
3 – 5	Teaterforestilling	1	2	Kyrkjelydspedagog og friviljuge	På nytt vurderer «kirkerottene» eller tilsvarande teateropplegg.
4	Bollefest	1	3	Kyrkjelydsoedagog og friviljuge	Utforska kyrkja, eta boller, syngja, høyra bibelforteljingar, invitasjon til gudsteneste
5 -10	Kor for 1 dag	1	5	Pedagog, frivillige	Opplegg med Ivar Skippervold, kor, trylling, mat gudsteneste.
6	Kyrkjebesøk første klasse	1	2	Pedagog	Bersøk og vandring i kyrkja utanom skuletid.
7	Tårnagenthelg	2	5	Pedagog/prest/trusopplærer, friviljuge	Agentoppdrag, gudstenesteverkstad, Gudsteneste. Påsketema.
7 – 10	Døgnleir på Rongevær	2	15	Pedagog/prest/trusopplærer, friviljuge	Samarbeid med NMS. Misjon som gjennomgangstema. Rett før eller rett etter sommarferien
11	Utdeling av bibel	1	2	Pedagog, prest, friviljuge	Gudsteneste med utdeling av bibel. Sámannssøndag.
12	Lys Vaken	2	16	Pedagog, prest, friviljuge	Overnatting i kyrkja, gudstenesteverkstad. Februar.
15	Ungdom og media	1	3	Pedagog	Tema om ungdom og mediebruk (opplegg frå Familie og medier), samt tips om nettstader som er gode på den kristne bodskapen. Ein del av konfirmantweekenden.
15	Konfirmasjonstida		60	Trusopplærer, pedagog, friviljuge	2 t på kvar samling. Kristuskransen – Skatten og perlene.
15 -18	Leiartrening		60	Trusopplærer, friviljuge	Ønskjer å prøva ut eit leiartreningsopplegg frå NMS.